



Møre og Romsdal
fylkeskommune

INGENIØR JOSTEIN BØ
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.03.2021	44819/2021/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	26.04.2021

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Steinuttak gbnr 49/3 - Stokkeland - fråsegn til varsel om oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Det er varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering for steinuttak på gbnr. 49/3, Stokkeland.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samferdsel

Fylkesveg 661 har en årsdøgntrafikk på 3060 køyretøy, og fartsgrense på 80 km/t. Fylkesvegen er i vedtatt rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse streng. I denne haldningsklassen skal talet på direkte avkøyrslar til fylkesvegen vere svært avgrensa. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på framtidige utviklingsmoglegheiter i området.

Strekningen langs fylkesveg 661 er omfatta av reguleringsplanen «Reguleringsplan fv. 661 Vik – Leirvikbukta – Gang- og sykkelveg langs fv. 661».

Det må stillast som rekkefølgekrav at avkøyrslar må regulerast i tråd med N100 før igangsetjingsløyve blir gitt.

Ein må vidare i planarbeidet ivareta fylkesvegens trafikktryggleik og framkomelegheit.

Automatisk freda kulturminne

Rett aust for planområdet til reguleringsplan for Steinuttak på Stokkeland gbnr. 49/3 ligg eit automatisk freda kulturminne ID 231194. Kulturminnet vart registrert i samband med reguleringsplan for trafikktryggleikstiltak fv. 661 Furneskryset – Vik og Leirbukta, der formålet med plana var å legge til rette for gang- og sykkelveg lang vegen. Det er gitt dispensasjon frå kulturminnelova for ID 231194 gjennom denne planen, men med vilkår om arkeologisk gransking (utgraving) av kulturminnet. Den arkeologiske vilkårsgranskinga av kulturminnet er ikkje gjennomført. Ein må derfor ha ei mellombels omsynssone C (H570-sona) i reguleringsplanen for Steinuttak på Stokkeland, som gjer at ein tar nødvendig omsyn til kulturminnet ID 231194 inntil vilkårsgranskinga er oppfylt. Rekkefølgeføresegn må slå fast at omsynsona opphøyrer når vilkårsgranskinga er gjennomført.

Omsynssone C, skal markerast i plankart med sosikode H570. Sona skal vere 10 meter brei og gå frå ytterkant av plangrensa i aust, opp frå fv 661 og opp til grensa for utstrekning av masseuttaket i dag.

Ein må ta med følgande formulering i reguleringsføresegna (i tillegg til rekkefølgekravet):

For Omsynssone C (H570); «Gjelder omsynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne ID nr. 231194. Innanfor området skal kulturlandskapet med sin naturleg vegetasjon takast vare på og skjøttast op ein god måte. Det er ikkje anledning til å sette i gang med graving eller andre tiltak som skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme verneområdet eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske myndighet ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

KONKLUSJON

Viser til merknadane og ber om at dei blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Automatisk freda kulturminne: Rådgivar/arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26

Kopi:

Vestnes kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Direktoratet for mineralforvaltning